



SYKKYLVEN

**Sykkylven kommune**  
Barne- og familietenestene

## For kontakt:


[pmto@sykkylven.kommune.no](mailto:pmto@sykkylven.kommune.no)

### PMTO-terapeutar:

Mette Brenne	907 23 214
Hilde Bjørnestad	974 03 464
Anita Mosby Nakken	941 42 392

### Besøksadresse:

Haugneset 20, underetasjen (same inngang som PPT)  
6230 Sykkylven



Ønskjer du meir informasjon om PMTO?

<https://www.pmto.no>

<http://www.nubu.no/PMTO/>



**Sykkylven kommune**  
Barne- og familietenestene

## PMTO— foreldrerådgjeving




# Parent Management Training-Oregon

Sykkylven kommune

## Å vere foreldre...

...kan by på mange utfordringar. Nokre er spennande og gir oss mange gleder og gode opplevingar. Andre er krevjande og gir oss därleg samvit, fordi vi ikkje synast vi er gode nok eller ikkje strekkjer til.



# Barn er...

...ulike på så mange måter. Nokre utfordrar oss med vanskeleg åtferd, nokre nekta å samarbeide med oss, nokre slit med å kontrollere sinne og temperament, enkelte kjem lettare i konflikt enn andre, nokre er stille og inneslutta...

Det fins så mange variantar av det som oppfattast som normalt, men det er vi foreldre som står nærest til barna våre og er dei som er best



eigna til å hjelpe barnet vårt. Av og til kan det hende at vi føler oss makkelse og at det er vanskeleg å finne tilbake til den gode stemninga i familien. Vi føler oss kanskje fanga i ein vond sirkel av tunge tankar og negative kjensler. Mange av oss strevar med å få barna våre til å samarbeide og til å føl-

gje beskjedar, og vi kan synast at det er uråd å oppdra barna våre på den måten vi ønsker.

Forsking har vist at positive foreldreferdigheter og betre familierutinar kan hjelpe familién.



## Kva er PMTO?

Parent Management Training-Oregon er eit foreldre-treningsprogram frå Oregon



i USA. Programmet er viderutvikla i Noreg dei siste 15 åra og vert tilbydd til både

foreldre og til tilsette i barnehagar og skular. Sykkylven kommune har dette tilbodet, og ønsker velkommen til dykk som har barn mellom 3 og 12 år.



## Korleis får du kontakt med oss?

Du treng inga tilvising frå annan instans for å kontakte oss.

Sykkylven kommune har 3 PMTO-terapeutar som held til i underetasjen på Helse- og sosialsenteret på Haugeset, same inngang som PPT.

Tilbodet om PMTO-terapi er gratis, og det går over ca. 15-30 timer, ein time kvar veke.

Vi jobbar saman om ulike

tema og øver også på gode, enkle og konkrete verktøy som familien kan nytte heime. Det er viktig å finne ut kva som virker og kva som passar inn i dykkas eigen situasjon.

I tillegg har vi seks foreldre-rådgjevarar som også kan gi rettleiding til foreldre i 3-6 timer.

Ring oss gjerne, eller send ein epost og be om



### Meistringshistorier frå foreldre

**«Det har skjedd utruleg mykje sidan eg byrja å gå til PMTO. Det har vore nokre som har vore der før meg som forelder. Eg var langt nede, hadde store utfordringar og klarte ikke å gle meg over barnet mitt... Det er vanskeleg å setje ord på kor mykje PMTO har betydd for meg som forelder.»**

**«Han har meir respekt for oss når vi er tydelege og ikkje går inn i vanskelege diskusjonar. Vi har nok også fått meir respekt for han som person, og er vortne flinkare til å lytte.»**

**«Godé beskjedar var ei enorm aha-oppleveling. Eg skjøna plutselig kor venleg og tydeleg ein kan vere utan å stille spørsmål! Eg gjekk heim for å prøve dette ut, og opplevde at ho reiste seg og gjorde det eg bad henne om utan at eg trond å bli sint!»**

**«Det er ro no. Eg slepp å mase og rope. Eg er vorte merksam på korleis eg ordlegg meg. Heimen vår er vorten ein god stad å vere. Det er harmoni.»**

**«Som foreldre har det vore veldig lærerikt og samstundes morosamt og hyggeleg på PMTO-møta, og ei oppmading er å få spreidd informasjonen om PMTO slik at endå fleire foreldre kan få hjelp.»**

**«Eg fekk tidlegare høre at eg skulle vere konsekvent. Kva det tydde, var det ingen som fortalte meg... Eg prøvde ulike strategiar, noko som gjorde heimesituasjonen uføreseieleg. Til slutt vart eg veldig streng og prøvde å køyre den harde linja. Problema eskalerte og det vart ei därleg og spent stemning heime. PMTO har vore til uvurderleg hjelp.»**

meir uforpliktande informasjon eller eit orienteringsmøte.

Søknadsskjema finn de på heimesida til Sykkylven kommune

[http://  
www.sykkylven.kommune.no](http://www.sykkylven.kommune.no)